



Gang rundt eit utruleg høgt juletre i bedehuset laurdag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Julefesten i bedehuset i Uskedalen er eldre enn sjølve bedehuset og det er 75 år. For før bedehuset vart bygt vart det sikkert halde julefestar i Gamleskulen.



Siv Hanne Kjærland og Siri Skarsfjord spelar tverrfloyte. (Foto: Ola Matti Mathisen) (

Det sa misjonsveteranen Gunnar Kjærland til uskedalen.no medan 'Julefest 2008' utfalda seg laurdag ettermiddag. Runkt rekna 40 i alle aldrar kom for å stadfesta tradisjonen, men leiar Jon Harald Kjærland hadde venta fleire og håpa på dobbelt så mange.



Camilla Myklebust er eit songtalent. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Også då vi var unge tykte vi det var kjekt med jul og vi hadde det kjekt i lag. Jula er da også fylt av glade og positive ting. Rett nok opplever nokon sjukdom og motgang også i jula, men det er godt å minna dei om at julegleda ligg langt utover oss sjølve.

Det sa kyrkjelydssekretær og andaktshaldar Oddbjørg Heimark etterat tverrfløytetrioen Siv Hanne Kjærland, Siri Skarsfjord og Kistine Hestad hadde opna med vakre juletonar. Festleinga hadde satsa på lokale krefter og ein annan som gjorde seg sterkt gjeldande og fekk fortjent applaus denne gongen var songtalentet Camilla Myklebust. Ho song både solo og leia gruppesong.

Rikeleg bevertning, leikar for dei unge og gang rundt juletreet er tre av dei faste 'knaggane' i ein julefest. Jan

Tvedt leia leikane denne gongen medan Camilla spela til juletrægongen.
Treet i år er eit kapitel for seg - det er så høgt at dei måtte bruke stege for å pynta det.

Av Ola Matti Mathisen



Oddbjørg Heimark var andaktshaldar. (Foto: Ola Matti Mathisen)